

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

Fråsegn i samband med framlegg til endringar i alkohollova.

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskap	02.12.2009	104/09

Sakshandsamar Harald G. Johnsen	Arkiv: K2-U63	Arkivsaknr 09/664 - 2
------------------------------------	---------------	--------------------------

Vedlegg:

Sakstilfang:

Nr	T	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	Helse- og omsorgsdepartementet	Forslag til endringer i alkohollovgivningen - høyring

Saksutgreiing:

Helse- og sosialdept. Sendte den 23.09.09 ut høringsbrev om framlegg til endringar i alkohollova med høringsfrist 23.12.09.

I innleiinga til høringsnotatet er framlegg til endringar oppsummert slik:

- "Alkoholovens **maksimaltider** for skjenking foreslås innskrenket med en time
- Kontroll- og reaksjonsbestemmelsene vurderes, og det skisseres en mulig prøveordning for **inndragelse av bevilling på stedet**
- Det foreslås å åpne for **salg i egen virksomhet** av egenprodusert alkoholholdig drikk som inneholder inntil 4,7 volumprosent alkohol
- Det foreslås å tillate auksjon av alkoholholdig drikk mellom private i regi av Vinmonopolet. Videre foreslås det å oppheve forbudet mot auksjon av alkoholholdig drikk mellom næringsdrivende
- **Bevillingsgebyrene** foreslås justert
- Aldersbestemmelsene foreslås presisert og unntaket for fagbrev foreslås utvidet
- Det foreslås å fastsette unntak fra tvisteloven § 1-5
- Endringer knyttet til statistikkinformasjon foreslås
- Tilgjengelighet til salgs- og skjenkesteder vurderes
- Vinmonopolloven § 12 foreslås endret
- Innarbeiding av alkoholforskriftens gruppebetegnelser på alkoholholdig drikk i alkoholloven foreslås
- Endringer knyttet til betegnelsen flaske og til mengdeangivelser foreslås".

Nokre endringar er prinsipielle og viktige ved at dei

- grip inn i eller avgrensar kommunane sin fridom - t.d. reduksjon av maksimaltid for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk, og ved at dei
- rører ved generelle rettstryggleiksprinsipp – det kontradiktoriske prinsipp eller parten sin rett til å gjere seg kjent med opplysningar av vesentleg tyding før det treffast vedtak i parten sin disfavør – noko som skjer ved at kontrollør skal kunne gjevast mynde til å stengje ei verksemd på staden ved alvorleg brot.

Anna endring er viktig for å leggja til rette for næringsverksemd i Ulvik og Hardanger når det vert gjort framlegg om at det skal verta mogeleg å selja eigenprodusert alkoholhaldig drikk med alkoholstyrke under 4,7 volumprosent, og kvifor grensa skal setjast ved 4,7 volumprosent og ikkje ved 22 volumprosent og at ordninga berre skal gjelda løyve i medhald av alkohollova § 4-2.

Det er plukka ut 4 område (område med utheva skrift i opplistinga over) som vert vurdert som viktig og med verknader for den einskilde kommune. Det er også gjort framlegg til fråsegn vedr. desse framlegga til endringar i alkohollova. Dei andre framlegg til endringar i lova er meir å sjå på som redaksjonelle eller naudsynte for å tilpasse ”kartet til terrenget”.

Vurdering:

1. Om å opne for sal i egen verksemd av eigenprodusert alkoholhaldig drikk som inneheld inntil 4,7 volumprosent alkohol.

Alkohollova opnar i dag i § 4-2, 3 ledd for at løyvehavar som eit tilleggsvilkår til kommunalt skjenkeløyve på visse vilkår (krav til driftskonsept) kan skjenke eigentilvirka alkoholhaldig drikk til egne gjester. Løyvehavar kan ikkje selje¹ slik eigenprodusert vare til gjester eller andre. Den eigenproduserte drikken kan ikkje takast med ut av skjenkeområdet. Den kjem i so måte i same klasse som anna utskjenkt alkoholhaldig drikk som ikkje kan takast med utanfor godkjent skjenkeområde, men må fortærast på godkjent skjenkeområde.

Det er få slike løyve i bruk i dag i Ulvik/regionen.

Departementet gjev elles tilverkingsløyve etter kap. 6 i alkohollova. I Ulvik er det i dag 2 slike løyve – i Hardanger 3. Eit slikt løyve gjev rett til tilverking av alkoholhaldig drikk for engrossal til andre med rett engrossal eller sal direkte til verksemd med rett til skjenking på bakgrunn av kommunal eller statleg skjenkeløyve. Slikt løyve gjev ikkje rett til sal eller skjenking til privatperson.

I høyringsnotatet (s. 32) vert det teke til ordet **for at retten til sal berre skal gjelde dei løyve som har rett til tilverking etter § 4-2, ikkje dei med tilverkingsløyve etter kap. 6 i alkohollova.**

Der heiter det vidare:

” Det blir spørsmål om man kan gi en kommunal salgstillatelse som et tillegg til den statlige tilvirkningsbevillingen. Departementet mener at en slik ordning vil være uhensiktsmessig. En slik ordning ville føre til en uheldig sammenblanding av bevillingsmyndighet og kontrollansvar. Departementet vil bemerke at produsenter med statlig tilvirkningsbevilling uansett ikke har samme behov for en forenklet ordning som lokale produsenter som ikke har statlig tilvirkningsbevilling. Statlige tilvirkere har rett til engrossalg og har derfor mange muligheter for

¹ Om skilnaden mellom sal og skjenking – sjå alkohollova § 1-4

å sikre omsetning av varen. Dette står i motsetning til den som produserer i kraft av tillegg til skjenkebevilling, som per i dag kun kan omsette varen ved å skjenke den i egen virksomhet”.

Om bakgrunnen for dei endringsframlegg som no ligg føre heiter det i høyringsdokumentet – s. 28 og 29 m.a.:

”Forslagsstillerne til Dok. 8: 37 (2006-2007) framholdt at det de siste årene har vokst fram en bred politisk forståelse for at satsing på lokal produksjon av mat og drikke basert på lokale råvarer vil være en viktig og avgjørende bidragsyter for framtiden for norsk landbruk, reiselivsnæringen og ikke minst for levende og aktive bygdesamfunn i hele landet.

Forslagsstillerne framholdt vidare at det er store utfordringer for lokale produsenter i å få produktene sine omsatt gjennom de omsetningsledd som alkoholloven i dag åpner for.

Ved behandlingen av forslaget viste komiteen til at ”dagens alkohollov inneholder en regel som åpner for utvidelse av en kommunal skjenkebevilling til også å omfatte tilvirkning av alkoholholdig drikk som ikke er brennevin. Bevillingshaver kan produsere alkoholholdig drikk, men kun for skjenking i egen virksomhet. Regelen ble innført i 2003 for primært å fremme potensialet som ligger i lokale tradisjoner og næringsutvikling generelt og forholdet til lokal mat, drikke og turisme spesielt”. 29

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Sosialistisk Venstreparti, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Venstre, ”viser til at det følger av alkoholloven at dersom den lokale produsenten ønsker å selge sitt produkt til besøkende turister, kreves for det første alminnelig tilvirkningsbevilling og dernest at produsenten enten selv har detaljsalgsbevilling eller selger produktene til noen som har detaljsalgs-bevilling. Dersom produsenten selv skal kunne få detaljsalgsbevilling, må drikken inneholde inntil 4,75 volumprosent alkohol. I tillegg må lokalene der produktet tilvirkes og eventuelt skjenkes fra, være atskilt fra salgslokalet”.

Fleire av dei omsyna som ligg til grunn for framlegget til endringar i alkohollova står i motstrid til dei konklusjonane og den argumentasjonen som dept. legg til grunn for sine konklusjonar.

Ein hovudgrunn til dette er m.a. det system og ordning som alkohollova i dag legg opp til om at staten gjennom Vinmonopolet har einerett til sal av alkoholhaldig drikk med alkoholinnhald over 4,7 volumprosent.. Brot på dette prinsippet vil kunne ha vidtrekkjande verknader.

Ein vil likevel peike å følgjande i høve til det framlegget som ligg føre:

- Det er få løyvehavarar som har nytta seg av ordninga med tilverking etter alkohollova § 4-2. Grunnen kan vere at ordninga vert oppfatta som byråkratisk, og at den etter avgifter og investeringar gjev lite fortjeneste. Det er døme på at slike løyve ikkje er i aktivt bruk eller at det ikkje er søkt om fornying etter utløp av 4-årsperioden. Ordninga som er gjort framlegg om vil difor femna om få løyve.
- Ordninga med tilverking etter § 4-2 gjeld produkt med ein viss lokal tradisjon. Lokal tradisjon i Noreg gjeld tilverking av produkt med alkoholstyrke på meir enn 4,7 volumprosent (øl/heimebrygg og sider). Dermed vert fleire aktuelle brukarar av den foreslåtte ordninga ”uaktuelle”, og spørsmålet vert om det i det heile vert nokon att som tilverkar ”tradisjonsprodukt” med alkoholstyrke under 4,7 volumprosent.
- Bruken av tilleggsvilkår – eigentilverking – er neppe avgjerande for lønsemda i dei verksemdene som har slikt løyve. Løyvet er meir å sjå på som ein kuriositet. At det evt. skulle opnast opp for sal av produkt med alkoholinnhald under 4,7 volumprosent,

vil neppe føre til monaleg betre lønsemd i verksemda evt. verta eit spørsmål om "være eller ikkje være".

- Ein kvar kan i medhald av alkohollova § 2-1, 3 ledd importere alkoholhaldig drikk til personleg bruk med dei avgrensingar som følgjer av § 2-4, 1 ledd. Dersom ein ikkje skal kunne tinge eller kjøpe tilsvarande produkt hjå norsk tilverkar av tilsvarande eller same vare, vil ein favorisere utanlandske produsentar i ein marknad der hovudpoenget nettopp har vore å utnytte det potensialet som ligg i tilverkinga av tradisjonsprodukt – t.d. sider framfor druebasert vin.
- Å opne for sal av eigentilverka produkt generelt for begge typar løyve – noko som er einstydande med produkt med alkoholstyrke på meir enn 4,7 volumprosent - vil på eit heilt anna vis kunne gje betre lønsemd for produsenten. Omsetjing av eigenprodusert/kortreiste produkt er aukande og vil også gjelde alkoholhaldig drikk dersom det vart gjort mogeleg. Samstundes er dette eit sal som i noko grad ville skje frå produsent i staden for gjennom Vinmonopolet sine utsalsstader. Slik vil det samla forbruket ikkje auke vesentleg. Neppe meir enn om Vinmonopolet opnar 2 nye utsal i Noreg (!). Det er elles liten grunn til å tru at dette salet ville være sær uheldig i høve alkohollova sin føremålsparagraf. Salet vil under alle omstende verta underlagt dei alminnelege reglar for sal av alkoholhaldig drikk. Det bør vurderast å forby postordresal då mottakar ikkje kan vurderast i høve til alder og grad av rusing.

Framlegget verkar på dette grunnlaget lite gjennomarbeidd, og vil i praksis få lite eller ikkje noko omfang.

Konklusjon:

Ulvik herad ber Helse- og Omsorgsdepartementet om å sjå på ei ordning som gjer det mogeleg med sal av produkt med opptil 22 volumprosent alkohol direkte frå produsent både for løyve i medhald av § 4-2 og kap. 6.

2. Innskrenking av maksimaltidene i Alkoholloven med en time.

Innskrenking av skjenketider vart i samband med fornying av sals- og skjenkeløyve i 2008 mykje diskutert i heile landet. I mange kommunar førte dette til innskrenking i skjenketidene for den nye skjenkeperioden. Etter at kortare skjenketid har vore praktisert ei tid i mange kommunar er røynslene positive i den forstand at politi og legevakt rapporterer om mindre bråk, slagsmål og fyll på nattetid og i samband med stenging av skjenkestadene. Dette vert i hovudsak forklart med at gjestene samla har fått ein noko redusert tid å drikka på og dermed ein mindre samla mengde alkoholhaldig drikk.

Maksimaltida for skjenking i Ulvik er for alkohol gr. 1 og 2 – sundag t.o.m. torsdag til kl. 01:30, fredag og laurdag til kl. 02:00 og for gr. 3 – sundag t.o.m. torsdag til kl. 24:00, fredag og laurdag til kl. 01:00. Skjenketidene i regionen varierer noko – frå kl. 01:00 til kl. 03:00 – m.a. avhengig av driftskonsept.

Ei samordning av skjenketidene i regionen vil kunne føre til:

- Like konkurransevilkår i næringa.
- Meir oversikteleg – lettare kontroll med løyve.
- Ulukkesførebygging ved at all skjenking sluttar samstundes og det vert ikkje køyring mellom skjenkestader og kommunar for å få med seg "siste glaset".

- Mindre samla konsum – mindre alkoholrelaterte problem og skadar – samsvar med alkohollova sitt føremål og ein viss kompensasjon for eit mogeleg meirkonsum som følgje av at det vert opna for sal av eigenprodusert alkoholhaldig drikk for verksemdar med tilvirkingsløyve jfr. kap. 6 i alkohollova.
- Tidlegare nattero i område med blanding av bustad- og næringsføremål.

Ein reduksjon i skjenketid i samsvar med framlegg til endringar vil få størst verknad i byar og pressområde som normalt vil vere dei kommunane som har skjenketider som ligg nærast maksimaltida i dag. Ein reduksjon i maksimaltidene jfr. framlegg vil difor kunne betre konkurransetilhøva for alle typar arrangement og konferansar for alle verksemdar som ligg utanfor byane og pressområda.

Til sist: Skjenketidene i Noreg er særskild liberale samanlikna med andre land: Unntak: Skjenketider i typiske turistbaserte anlegg/område (ikkje landet generelt) og nattklubbar kor det gjeld heilt andre prisar både for å koma inn og for å kjøpa alkoholhaldig drikk.

Når det gjeld spørsmålet om kommunen sin fridom til å fastsetje rammer for verksemdene ut frå kunnskap om lokale tilhøve, vil denne verta noko avgrensa ved at det "rommet" som fridomen skal nyttast innafor vert redusert. Det vil likevel eksistere - avgrensinga vil liggje i maksimaltidene. Det er få eller ingen avgrensingar dersom kommunane ynskjer å avslutte skjenkinga tidlegare enn kva maksimaltidene gjev høve til.

Konklusjon:

Ulvik herad stør framlegget om reduksjonar i maksimaltidene for skjenking av alkoholhaldig drikk.

3. Reglane for kontroll- og reaksjonar vurderast, og det vert gjort framlegg om ei mogeleg prøveordning for inndraging av løyve på staden.

Ordninga er vidfemnande og inneber at ein sals- eller skjenkestad kan få inndrege sitt løyve på staden dersom kontrollør(ar) meiner å ha konstatert alvorleg brot på løyvevilkåra – brot på reglar om overskjenking/sal til openbart rusa kunde, sal og skjenking til mindreårig eller sal og skjenking utover fastsett sals- og skjenketid. Ein konklusjon om at det har funne stad eit alvorleg brot vil alltid (der og då) vere subjektiv og ei stenging vil kunne ha store verknader for verksemda som vert stengt – både ved tap av omsetnad og meir langsiktige verknader som følgje av tap av omdøme. Sjølv kontrollen og konfronteringa av skjenkestaden med brotet er ein situasjon med ofte mange involverte, høgt stressnivå og kjelder til ulik tolking av det som har faktisk har funne stad. Poenget med noverande ordning m.a. med skriving av tilleggssrapport i "fred og ro" er nettopp at det gjev høve til å gå igjennom hendinga på nytt å konkludere etter at ein har høyrte på argumenta til skjenkestaden og i fått høve til å tenkja seg om i "fred og ro". Dette vil auke rettstryggleiken for den som vert sanksjonert. I tillegg sendast tilleggssrapport til løyvemynde kor kompetent person på vegne av løyvemynde avgjer om rapporten "held mål" som grunnlag for sanksjon og at ein difor skal gå vidare med saka.

Eit slikt mynde til kontrollør(ane) set spørsmål til følgjande:

- Ein eller 2 kontrollørar på staden. Er det tilstrekkeleg at 1 kontrollør har konstatert brot?
- Kva for kompetanse har kontrollør(ane) om alkohollova, forvaltningslova (krav til vedtak) osv.

- Inndragingsvedtak på staden kan ikkje samanliknast med Mattilsynet si inndraging – avgjerd fatta av anna kompetanse/på høgare kompetanse- og formelt nivå og meir tid til å fatte vedtak/betre grunnlag for vedtak eller
- Politiet si inndraging – heilt andre omsyn; også omsyn som ikkje treng å ha noko med den konkrete skjenkestaden å gjere i det heile. Politiet vil også ha ein anna og betre kompetanse/røynsle med å fatte vedtak på staden som har umiddelbar verknad for den vedtaket rettar seg mot.
- Kven har arbeidsgjevaransvaret for den (dei) kontrollør(ane) som stengjer ei verksemd på staden. Desse er som oftast tilsette i eit vaktelskap eller interkommunal kontrollordning og skal treffe vedtak som i ettertid kan føre til stort erstatningsansvar for løyveemynde/kommunen.

Høyningsskrivet konstaterer på s. 11 at ”lovbrudd som avdekkes, sjelden får konsekvenser. Vidare heiter det på s. 16 at ”Det skal også være et fokus på økt kunnskap om kontroll i kommunens politiske ledelse”.

Helse- og sosialdept. argumenterer godt for at det er viktig å korte ned tida mellom konstatert brot og tida for iverksetjing av sanksjon og at dette vil vere med på å byggje opp respekten for dei reglane som gjeld – vere eit signal om at det er viktig at reglane vert etterlevde.

Ein meiner at dette kan gjerast effektivt og med dei garantiane for rettstryggleik som vi forventar ved at

1. Kommunane nyttar kommunelova sine reglar om delegasjon (alkoholoven sin tidl. § 12 om delegasjon er oppheva) og fastset interne reglar/fristar for kor raskt ei sak om inndraging skal handsamast – anten administrativt eller i eit politisk organ. Dersom mynde vert delegert til administrasjonssjefen, vil vedtak kunne fattast innan t.d. ei veke etter at brotet fann stad.
2. Ved at kommuneleiinga – administrativt og politisk – vert gjort medvitne om sitt forvaltaransvar i høve til alkohollova.

Konklusjon:

Ulvik herad går imot Helse- og sosialdept. sitt framlegg om ei prøveordning med at kontrollør(ar) skal ha mynde til inndraging av løyve umiddelbart og på staden.

Ein viser til at kommunane kan oppnå det same ved bruk av reglar om delegasjon og bruk av fristar for vedtak og ved å gjere ansvarspersonar i kommuneleiinga medvitne om sitt forvaltaransvar i høve alkohollova.

4. Framlegg om justering av Løyvegebyr..

Dvs. det vert gjort framlegg om **ingen** endringar bortsett frå ei mindre auke i minstegebyra og som det heiter: ”dept. vil derfor framover legge opp til en mer jevnlig justering av gebyrene i tråd med endringer i konsumprisindeksen” og at det ”må foretas en forskriftsendring hver gang gebyrene skal endres”.

Ei endring av minstegebyra som det her vert gjort framlegg om har liten verknad for kommunen og dei reelle utgiftene ved kontroll og sakshandsaming. I ein kommune med 20 skjenkeløyve og 15 salsløyve dersom høvesvis 6 skjenkestader og 6 salsstader kjem under reglane for minstegebyr, vil auken i minstegebyr føre til ein samla auke i gebyrinntektene på kr. 2 800 !!

Gebyra skal spegla att dei samla utgiftene til handsaming og kontroll med sals- og skjenkeløyve i kommunane. Gebyrsatsane er fastsette ut frå at kommunane samla i 2008 har ei stipulert utgift på kr. 67,7 mill (justert for konsumprisindeks). Med bakgrunn i desse tala har SIRUS rekna seg fram til at dei satsane som gjeld i dag dekkjer kommunane sine utgifter. Kommunane sine reelle utgifter er ikkje dokumentert, men det er alminneleg kjent rundt i kommunane at gebyra på langt nær dekkjer dei reelle utgiftene. Nokre kommunar kan ha høgare gebyrinntekter enn kostnader knytt til kontroll. Dette gjeld m.a. Ulvik og Eidfjord og har å gjere med talet på løyve/stuktur i næringa og fordeling av utgifter ved kontroll mellom kommunar i eit kontrollsamarbeid.

Dersom framlegget om endringar i alkohollova om å gje kontrollør(ar) mynde til inndraging av løyve på staden går igjennom, vil dei kommunane som vil nytta seg av ordninga få ein vesentleg auke i opplærings- og lønskostnader (kontrollørar med høgare kompetanse og i utgangspunktet – høgare løn). Mistilhøvet mellom faktiske utgifter knytt til kontroll og gebyrinntekter som er meint å skulle dekke kostnadene vil verta større.

Det vert ikkje gjort framlegg om endringar på dette punktet, men ei tilføyning.

Konklusjon:

Dersom framlegget om ei prøveordning for inndraging av løyve på staden går igjennom, må gebyrsatsane aukast for å kompensere for auka kostnader ved kontroll i kommunane til dekking av utgifter til løn og opplæring.

Tilleggsmerknad.

Ein nyttar elles høvet til å peike på følgjande:

Etter alkohollova § 1-16 kan kommunen sine einskildvedtak etter § 1-8 og kap. 3, 4 og 7 klagast til fylkesmannen.

Vedtak om sals- eller skjenkeløyve er einskildvedtak. Etter dette vil vedtak om kommunale sals- og skjenkeløyve ikkje kunne ankast sidan desse vedtak vert fatta med heimel i alkohollova §§ 1-4, 1-6 og 1-7. som ikkje er omfatta av § 1-16. Løyvevedtaka er ikkje heimla i kap. 3 evt. 4 som berre omhandlar rammer eller vilkår for utøvinga av løyvet.

Likeeins vil vedtak om einskildløyve med heimel i § 1-6, 2. ledd ikkje vere gjenstand for anke. At ein part/søkjar i dette høvet ikkje skal kunne klage på eit avslag om skjenkeløyve for einskildhøve oppfattast å vere i strid med alminneleg forvaltningsskikk.

Ein ber om opplysningar om heimelsgrunnlaget for evt. anke på eit vedtak om avslag på sals- eller skjenkeløyve.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samband med at framlegg til endringar i alkohollova er sendt ut til høyring oversender Ulvik herad saksførebuinga med slike merknader:

1. Ulvik herad ber Helse- og Omsorgsdepartementet om å sjå på ei ordning som gjer det mogeleg med sal av produkt med opptil 22 volumprosent alkohol direkte frå produsent både for løyve i medhald av § 4-2 og kap. 6. Slik framlegget no er vil endringa vere til liten eller ingen praktisk tyding eller nytte.
2. Ulvik herad stør framlegget om reduksjonar i maksimaltidene for skjenking av alkoholhaldig drikk.
3. Ulvik herad går imot Helse- og sosialdept. sitt framlegg om ei prøveordning med at kontrollør(ar) skal ha mynde til inndraging av løyve umiddelbart og på staden. Ein viser til at kommunane kan oppnå det same ved bruk av reglar om delegasjon og bruk av fristar for vedtak og ved å gjere ansvarspersonar i kommuneleiinga medvitne om sitt forvaltaransvar i høve alkohollova.
4. Dersom framlegget om ei prøveordning for inndraging av løyve på staden går igjennom, må gebyrsatsane aukast for å kompensere for auka kostnader ved kontroll i kommunane til dekking av utgifter til løn og opplæring.
5. Sosial- og Helsedep. vert oppmoda om å sjå på § 1-16 om klage i høve til dei merknadene som går fram av saksførebuinga – tilleggsmerknad.

.....

02.12.2009 Formannskap

Endringsframlegg frå Gjerde (V): Punkt 2 med ein forandring: Ulvik herad stør **ikkje** framlegget...

Røysting:

Endringsframlegg frå Gjerde: 3 for og 2 mot (Nes og Ljone)

Resten samrøystes

FSK-104/09 VEDTAK:

6. Ulvik herad ber Helse- og Omsorgsdepartementet om å sjå på ei ordning som gjer det mogeleg med sal av produkt med opptil 22 volumprosent alkohol direkte frå produsent både for løyve i medhald av § 4-2 og kap. 6. Slik framlegget no er vil endringa vere til liten eller ingen praktisk tyding eller nytte.
7. Ulvik herad stør ikkje framlegget om reduksjonar i maksimaltidene for skjenking av alkoholhaldig drikk.
8. Ulvik herad går imot Helse- og sosialdept. sitt framlegg om ei prøveordning med at kontrollør(ar) skal ha mynde til inndraging av løyve umiddelbart og på staden. Ein viser til at kommunane kan oppnå det same ved bruk av reglar om delegasjon og bruk av fristar for vedtak og ved å gjere ansvarspersonar i kommuneleiinga medvitne om sitt forvaltaransvar i høve alkohollova.
9. Dersom framlegget om ei prøveordning for inndraging av løyve på staden går igjennom, må gebyrsatsane aukast for å kompensere for auka kostnader ved kontroll i kommunane til dekking av utgifter til løn og opplæring.
10. Sosial- og Helsedep. vert oppmoda om å sjå på § 1-16 om klage i høve til dei merknadene som går fram av saksførebuinga – tilleggsmerknad